


INFORMASJONSSKRIV TIL PASIENTAR MED KNAPPHOLDEFORMITET



KVA ER KNAPPHOLDEFORMITET?

Når strekkesena er skada ved fingeren sitt midtledd, vil sena som ligg på sida av leddet gli nedanfor leddets akse. Dette fører til at midtleddet vert bøygd og ytterleddet får overstrekk når du prøver å strekke ut fingeren din. Dette kan til dømes oppstå ved slag mot fingeren. Denne feilstillinga kallast knappholdeformitet.

BEHANDLING:

Dersom det er lang tid sidan skaden og midtleddet ikkje kan rettes heilt ut passivt, er det nødvendig med ei skinne som strekker midtleddet ut først. Du kan i tillegg tøyse for å strekke ut leddet sjølv.

Når midtleddet kan rettast heilt ut passivt legg ergoterapeuten på ei sirkulær hylse. Denne skal du ha på døgnet rundt i 6 veker.

Dersom du må ta hylsa av sjølv, skal du legge handa flat på bordet og trekke hylsa av. Du må deretter ta hylsa på igjen straks utan at midtleddet vert bøygd!

Det er viktig at du trener aktiv bøy og strekk i da yttarste leddet i 6 vekers perioden som hylsa er på. Senene ved sida av leddet som er glidd ned vert då trekt på plass, og dei to endane av strekkesena vil koma nærmare kvarandre å gro saman.



Etter 6 veker kjem du til kontroll og ergoterapeuten sjekkar om hylsa kan takast av og du kan starte opptrening av midtleddet igjen. Du er anbefala å bruke hylsa i 2-3 veker ekstra på natta og ved tyngre arbeid.

Dersom du har spørsmål eller behov for kontroll, er du velkomen til å ta kontakt med ergoterapeutane ved Plastikkirurgisk avdeling på tlf. 55 97 28 36.

Helsing Ergoterapeuten